

Lindås Kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

06. august 2018

Vår referanse  
17250-11/176

Dykkar referanse  
18/176 – 18/18672

## Klage på vedtak om gebyrreduksjon for sakshandsamingstid

Viser til dykkar brev datert 13.06.2018.

Har fått melding frå tiltakshavar ved Arne Hosøy om å formelt klaga på dykkar vedtak om ikkje å gje gebyrreduksjon for lang handsamingstid på søknaden med 3 vekers svarfrist.

Søknad vart sendt kommunen 22.01.2018.

På denne saka gjekk det 8 veker og 1 dag frå kommunen mottok søknaden til positivt vedtak vart gjort og sendt søkjar 09.03.2018.


Det er riktig som det er skrive i dykkar vedtak at gebyrreduksjon etter Sak §10-6 gjeld søknader med 12 vekers handsamingsfrist.

Det som gjer at tiltakshavar i denne saka med 3 vekers frist ynskjer tilsvarende reduksjon som for ei sak med 12 vekers frist er at sakshandsamar etter puring på vedtak første gang den 22.01.2018 opplyser på telefon og i e-post datert 09.03.2018, sitat: «*Det blir da opplyst om at løyve i saken ikkje er gitt da saken omkring spylevann ikkje er avklart. Slik at alt arbeid er på egen risiko som opplyst per tlf.*» sitat slutt. Her står det at løyve ikkje er gitt.

Sjølv om det i pbl § 21-7 står at om ikkje svar er motteke innan 3 veker skal løyve reknast som gjeve, medførte dette at føretak med ansvarsrett ikkje ville setja i gang arbeida «på egen risiko» og det vart ikkje oppstart før løyve vart gjeve 20.03.2018.

Tiltakshavar ber om gebyrreduksjon tilsvarende reduksjon for overskriding av fristen på 12 veker etter Sak 10 §7-6. Gebyr skal etter denne forskrift reduserast med 25% av det totale gebyret for kvar veke fristen er overskriden.

Beste helsing



Bjørn Rune Kvinge